

Askvoll kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Veglysanlegg langs fv. 609 strekning Gjeldsvik – Gjeldsvik skule

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Gjeldsvik skule har i 2017 48 elevar, 12 ansatte, 20 i barnehage og 7 ansatte. Frå midten av oktober og ut februar har alle skyss på grunn av farleg skuleveg langs fv. 609. Vegstrekning langs fylkesveg (frå kryss mot kommunal veg til Gjeldsvik og kommunal veg ned til Gjeldsvik skule) har fartsgrense lik 60 km/t. Delar av vegen er uoversiktleg. Ved skulen er det opparbeidd kunstgrasbane og har aktivitetar etter skuletid. Veglysanlegg vil gje tryggare skuleveg.

Framlegg til tiltak:

- Få på plass veglysanlegg langs 1 km av fv. 609 (frå kryss kommunal veg mot Gjeldsvik og fv. 609 til kryss med kommunal veg til Gjeldsvik skule og fv. 609).

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 1 150 000,-
- Søknadssum: kr. 862 500,- (75 %)

Bremanger kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Planlegging og prosjektering gangbru Riseelva, – kommunal veg.

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa

- I dag går gangtrafikken over Riseelva i Svelgen sentrum på fundamentet for fylkesvegbrua, fv 614. Her går born og vaksne frå byggjefelta på Sande og Villabakken, og gangtrafikk frå Elkem, over brua til sentrum med skule, idrettshus, barnehage, butikkar m.v. Nokre av dei som skal til Villabakken går over den gamle trebrua lenger oppe i Riseelva, men denne skal avviklast når gangbrua er bygt, då dette medfører vegkryssing på uheldig punkt. Dei gåande på fylkesvegbrua går på ein smal betongkant, der ein bør halde seg i rekkverket for å unngå å stige utfor og ned i køyrebana. Løysinga er svært uheldig for alle trafikantar, og sjølvsagt mest for dei gåande.

Framlegg til tiltak:

- Det må prosjekterast gangbru ved sida av fylkesvegbrua, slik at dei gåande, og syklistar på dei gåande sine premissar, kan ferdast trygt på eiga bru over elva. Tiltaket er heilt nødvendig del av eit arbeid kommunen har drive i fleire år for å sikre tryggare ferdsel i området. Kommunen fekk utarbeidd detaljreguleringsplan for gangvegssystem Riseelva, godkjend 2010, der gangbrua er del av gangvegssystemet. Dei andre lekkane i gangvegssystemet er opparbeidde i etappar, også fortau på baa sider av fylkesvegbrua. Det er såleis berre brua som står att. Kommunen ser at det er vanskeleg å bli prioritert i Regional transportplan, med røynsle frå arbeid for fortau i Breivika som endå ikkje er gjennomført, og har difor i vedtak FSK-120/17 denne månaden vedteke revisjon av handlingsdelen til kommunedelplan for trafikktrygging, der gangbrua er på 1. prioritet for søknad om TIK-midlar. Sjå vedlegg. Det bør nemnast at sjølv om det i framtida skulle bli omlegging av fylkesvegen utom sentrum, (reguleringsplan for fv 614, tunnel Svelgen – Indrehus), vil gangbru over Riseelva vere eit heilt nødvendig trafikktryggingstiltak. Kommunen prioriterer prosjektering av gangbru i 2018, og bygging i 2019. Vi søker om maksimal andel tilskot, 75%, av di vi vurderer tiltaket som svært viktig. Kommunen sin eigendel ligg i budsjettet.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 300 000,-
- Søknadssum: kr. 225 000,- (75%)

Eid kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Trafikktrygging busshaldeplass Stårheim skule – kom. veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa

- Haldeplassen for bussar, ei rundkøyning ved Stårheim skule var opparbeida ca. rundt år 2000, men med dimensjonering for mindre bussar enn dagens. Bussar som no må rygge og snu i krysset ved skulen. Dette er trafikkfarleg for skuleelevar.

Framlegg til tiltak:

- Eid kommune ønskjer å utvide breidda på vegen slik at dagens bussar kan trafikkere der samt å tilrettelegge venteskur for bussen. Eid kommune vil også skilte busshaldeplassen for å avgrense bruken av haldeplassen til offentlege transportmiddel. Det skal merkast opp fotgjengerovergangar i samband med kryssing til/frå Stårheim skule, og leggst til rette for god lyssetting av overgangane.

Anleggskostnad/søknad:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 491 000,-
- Søknadssum: kr. 369 000,- (75 %)

Fjaler kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Planlegging og prosjektering av trafikkareal ved Våge skule og barnehage

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Fjaler kommune har gjort tiltak med gatelys og nedsett fartsgrense ved Våge skule som trafikktryggleikstiltak ved skulen. Situasjonen i dag er fortsatt ikkje tilfredstillande då levering av elevar med bil medfører kryssing av FV 65 utan fotgjengarovergang. Levering av elevar med buss medfører at bussen må rygge og snu inne på parkeringsareal med elevar/lærarar på same areal. Trafikken forbi skulen har auka ved etablering av Lutelandet industriområde og auka aktivitet i vestre Fjaler. Fjaler kommune har vedteke å bygge ny barnehage i Våge i tilknytning til Våge skule. Barnehagen er dimensjonert til 27 barn og 6 ansatte. Trafikksituasjonen ved skulen vil då verte ytterlegare pressa og det er behov for ein heilheitleg plan for trygg trafikkavvikling i tilknytning til skule og ny barnehage. Fjaler kommune søkjer om planleggings- og prosjekteringsmidlar for etablering av trygg trafikkavvikling ved Våge skule og barnehage. Planlegging, prosjektering og gjennomføring av tiltaket bør gå parallellt med etablering av barnehagen og for å få trygg trafikkavvikling ved oppstart av ny barnehage.

Framlegg til tiltak:

- Fjaler kommune gjennomfører plan for trygg trafikkavvikling i området ved Våge skule og barnehage. Når planen er godkjent og vedteken vert tiltaket prosjektert og klargjort for utlysing til gjennomføring. Samanliknbare prosjekt tilseier at kostnad for planlegging og prosess rundt dette har ein kostnad på ca 75 000.- kroner. Prosjektering, beskrivelse og tilbudsgrunnlag for samanliknbare prosjekt har ein kostnad på rundt 200 000 kroner.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 275 000,-
- Søknadssum: kr. 205 000,- (75 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Planlegging og prosjektering av trafikkareal ved nye Dingemoen skule

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Fjaler kommune har vedteke å bygge ny 1-10 skule ved Dingemoen skule med byggstart i 2018. Trafikkavviklinga ved Dingemoen skule har vore ei utfordring då elevtalet har auka frå 120 til 165 elevar og stadig fleire foreldre køyrer ungar til og frå skulen. Med vedtak om å bygge ny 1-10 skule vil elevtalet stige frå 168 elevar til ca 270 elevar og ny skule vert dimensjonert for 300 elevar og 50 tilsette. Planlegging

og prosjektering av nytt trygt areal for trafikkavvikling i tilknytning til nye Dingemoen skule er derfor eit absolutt behov.

Fjaler kommune søker om planleggings- og prosjekteringsmidlar for etablering av trygg trafikkavvikling ved Dingemoen skule. Planlegging, prosjektering og gjennomføring av tiltaket bør gå parallellt med planlegging og bygging av skulen og for å få trygg trafikkavvikling ved oppstart av ny 1-10 skule på Dingemoen i Dale.

Framlegg til tiltak:

- Fjaler kommune gjennomfører plan for trygg trafikkavvikling i området ved nye Dingemoen skule. Når planen er godkjent og vedteken vert tiltaket prosjektert og klargjort for utlysing til gjennomføring. Samanliknbare prosjekt tilseier at kostnad for planlegging og prosess rundt dette har ein kostnad på ca 75 000 kroner. Prosjektering, beskrivelse og tilbudsgrunnlag for liknande anlegg har ein kostnad på rundt 250 000 kroner.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 325 000,-
- Søknadssum: kr. 240 000,- (75%)

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Bygging fortau frå Internat til matsal på UWC Haugland – kom.veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

Elevar, over 200 stk., ved Uwc Haugland brukar kommunal veg i ein strekning på 100 meter frå internatbygg og til kantine. Vegbreidda er i dag 5,3 meter og gåande nyttar større del av eine køyrebana til og frå matsal. Det er ikkje skille mellom mjuke trafikantar og bilar i området. Interessekonflikt mellom bilar og gåande er konstant då biltarfikk ikkje har normal passering når det er gåande langs vegbana over lenger parti før og etter matsservering. Innsnevring av vegbana vil hindre møtande trafikk og krevje redusert fartsnivå. Fortau langs denne vegstrekningen er ønskeleg for å sikre dei mjuke trafikantane.

Framlegg til tiltak:

- Etablere fortau frå avkøyringa til internatbygga og til kantinebygget ved Uwc Haugland. Vegbana vert innsnevra til 5 meter for å senke fartsnivået inn på skuleområdet og parkeringsområdet til Haugland rehabiliteringssenter.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 300 000,-
- Søknadssum: kr. 200 000,- (66 %)

Nr. 4: Tiltak/prioritering: Bygging veglysanlegg frå Fjaler Ungdomskule til Dale vidaregåande skule/Fjalerhallen

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Steiavegen mellom Fjaler ungdomskule og Dale vidaregåande skule/Idrettshallen er utan gatelys. Vegen har i dag vesentleg bruk av mjuke trafikantar då dette er ein veg med begrensa biltrafikk, kun køyring til og frå eigedommane tillatt, og er kortaste gangveg frå Idrettshallen/Dale vidaregåande skule og til Dale sentrum. Vegen er brukt som skuleveg og ferdselsåre for mjuke trafikantar til og frå Idrettspark og skule. Strekningen er utan gatelys som gjer bruken vanskeleg etter mørkrets frambrudd for mjuke trafikantar. Dersom vegen vert belyst vil mjuke trafikantar frå Dale sentrum, Bjerga, Bjergelia og Bjergelandet kunne nå Idrettspark og barneskule utan å krysse FV 57.

Framlegg til tiltak:

- Etablere gatelys frå Dale vidaregåande skule/Idrettshallen til Fjaler ungdomskule.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 377 000,-
- Søknadssum: kr. 280 000,-

Flora kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Bygging intensivbelysning Nybøvegen/Krokavegen – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Etablere intensivbelysning på gangfelt over trafikkert veg. Det er i dag ikkje gatelys for denne overgangen. Vegen er i tillegg en skoleveg for elevar til Krokane skole med skolebarn 1–7 klasse.

Framlegg til tiltak:

- Bygging av intensivbelysning og heva gangfelt.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 182 000,-
- Søknadssum: kr. 136 500,- (75%)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Bygging intensivbelysning/opphøgde gangfelt Vangsvegen/E.M.Holevegen – kommunale vegar

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Vangsvegen/E.M.Holevegen er i dag en tilkomstveg til Storevatene Barnehage, Idrettsenter (med aktivitet i aldersgruppa 6 år og oppover) og vidargående skole.

Framlegg til tiltak:

- Etablere intensivbelysning og opphøgde gangfelt og ledelinjer i samsvar med universell utforming i forbindelse med oppgradering av fortau planlagt av Flora kommune i 2018.

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Bygging veglysanlegg ny gangveg Sjukehuset – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Flora Barneskole er den største barneskolen i Flora kommune. I forbindelse med etablering av sykkelbyen har det blitt etablert sykkelparkering for ca. 350 sykler til skolen. Dette medfører at barn frå 1–7 klasse i større grad sykler til skolen kvar dag. For å bedre situasjonen med trygg skoleveg skal det etableres ny gangveg gjennom "Sjukehusparken" slik at man kan sykle i bilfritt miljø. Det må også etableres lys for å sikre trygg gangveg/sykkelveg.

Framlegg til tiltak:

- Etablere lyspullerter langs ny gangveg til skole.

Førde kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Flatane skule – forlenging av avleveringsfelt – kommunal veg

Framstilling av trafikksikkerheitsutfordringa:

- Flatane skule er ein 1.-4. skule med 245 elevar, born i alderen 6–9 år, og heile 215 av desse borna brukar SFO. Dette medfører mykje henting og levering frå føresette kvar einaste dag. Parkeringsarealet, avleveringsområdet for bilar og busshaldeplass er ikkje tilrettelagt for dette, og det oppstår ofte farleg situasjonar.

Framlegg til tiltak:

- Forleng eksisterande avleveringsfelt med rundt 15m (3 bilar), for å auke fleire føresette til å stoppe der, i staden for å stoppe i køyrebana. Sjå óg tiltak med vår prioritet 2.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 400 000,-
- Søknadssum: kr. 200 000,- (50 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Flatane skule – langtidsparkering – kommunal veg

Framstilling av trafikksikkerheitsutfordringa:

- Flatane skule er ein 1.-4. skule med 245 elevar, born i alderen 6–9 år, og heile 215 av desse borna brukar SFO. Dette medfører mykje henting og levering frå føresette kvar einaste dag. Parkeringsarealet, avleveringsområdet for bilar og busshaldeplass er ikkje tilrettelagt for dette, og det oppstår ofte farleg situasjonar.

Framlegg til tiltak:

- Etablere langtidsparkering for 5 bilar, lenger vekk frå avleveringsområdet, for å frigjere parkeringsplassar for føresette til avlevering av born.

Kostand/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 160 000,-
- Søknadssum: kr. 80 000,- (50 %)

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Vieåsen sør – busstopp i veg – kommunal veg

Framstilling av trafikksikkerheitsutfordringa:

Bustadområdet Vieåsen Sør manglar tilrettelagt busstopp for austgåande buss. Bussen stoppar i dag ved avkøyrsla til eit gardstun, ved vegkrysset til Vieåsen.

Framlegg til tiltak:

Etablere busstopp – stopp i veg – ved avkøyrsla til Gardstølsvegen, med oppbygd platting for avstigande passasjerar.

Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 240 000,-
Søknadssum: kr. 120 000,- (50 %)

Gaular kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Oppsetjing av autovern ved Brekka – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Strekka Nysna–Sæle er ein kommunal veg (kv 30) i Bygstad i Gaular. Denne vegen er nytta som skuleveg, og fører òg til Storehesten. Vegen er smal og bratt, men har autovern på delar av strekninga. Det manglar diverre autovern på eit parti på om lag 130 meter der det er særst bratt ut forbi vegbana. Området utanfor er dyrka mark, og ei utforkøyning kan føre til stor personskade då køyretøyet vil rulle langt. Det er ikkje mogeleg for to bilar å passere.

Framlegg til tiltak:

- Autovern på nemnde strekning.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 99 500,-
- Søknadssum: kr. 74 650,- (75%)

Gloppen kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Trafikksikringstiltak ved Hjelle i Breim – kommunal veg

Framstilling av trafikksikkerheitsutfordringa:

- Snuplass for skulebuss på Hjelle manglar belysning. Her ventar skuleborna på Hjelle og bussen må snu for å køyre tilbake.

Framlegg til tiltak:

- Gatelys for å sikre sikt på snuplassen

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 30 000,-
- Søknadssum: kr. 22 000,- (73 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Trafikksikringstiltak Nordstranda skule – kommunal veg

Framstilling av trafikksikkerheitsutfordringa:

- Uoversiktleg trafikksituasjon ved innkøyrsla/parkeringsplass ved Nordstranda skule.

Framlegg til tiltak:

- Veglysanlegg og skilting

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 120 000,-
- Søknadssum: kr. 90 000,- (75 %)

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Bygging veglysanlegg Hope – kommunal veg

Framstilling av trafikksikkerheitsutfordringa:

- Skuleveg for ungane på Hope utan samanhengande belysning. (Enkelte gamle lyspunkt pr. i dag).

Framlegg til tiltak:

- Bygge veglysanlegg

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 370 000,-
- Søknadssum: kr. 280 000,- (76 %)

Gulen kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Bygging gang-/sykkelveg langs kommunal veg krysset fv. 57 og krysset Lihaug

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Tiltaket ligg i Gulen kommune i Dalsøyra. Det manglar gangveg mellom krysset kv.1008-fv.57 og innover til krysset til Lihaug bustadfelt. Vegen er viktig sambindingsveg til og frå Daløyra barnehage og skule og bustadfelt Lihaug. Vegen går vidare til Dalsbygda, som spreidd bebygd landbruksområde. Vegen vert også mykje nytta i samband med ulike fritidsaktivitetar ved skulen der det ligg idrettsanlegg og kulturbygg m/kinoframsying. Første 50 meter på venstre sida har skrentar og muring. Andre del i lengde på 200 meter har berre ein skrent ved krysset til Lihaug. Heile strekninga har ein bratt skråning mot elva på høgre sida av kommunevegen. I dag har strekninga frå krysset til snuplass og vidare til Dalsbygda fartsgrense 50 km/t.

Framlegg til tiltak:

- Kommunen vil etablere tiltaket i 2018. Fortsetjing av eksisterande fortau frå skule til krysset til Lihaug bustadfelt og vidare til krysset med fv.57 (lengde på 250 m). Nytt fortau får breidde på 2 m med steinkant.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 654 000,-
- Søknadssum: kr. 490 000,- (75%)

Hornindal kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Fjerning av sikthindring Jutedalsvegen – kryss rv. 15 – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- I avkøyrsla Jutedalsvegen – kryss rv.15 dannar ein hammar langs rv.15 ei farleg sikthindring for alle trafikantgrupper på Jutedalsvegen. Det er svært vanskeleg å sjå bilar som kjem frå Kjøs bru – i retning Styn før ein er heilt framme ved køyrebanekanten til rv.15. Særleg farleg er dette for gåande – til busslomma på motsett side av riksvegen.

Framlegg til tiltak:

- Sprengje vekk delar av hammaren langs riksvegen, slik at siktkrava vert oppfylt.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 384 400,-
- Søknadssum: kr. 288 300,- (75 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Oppsetjing rekkverk langs delar av Lidavegen – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- På omsøkt strekning er det ei bratt skråning frå Lidavegen – ned til Vikaelva, og ei utforkøyring her kan få alvorlege følgjer. Skuleskyss – til og frå Hornindal skule passerar dette område dagleg.

Framlegg til tiltak:

- Setje opp rekkverk i ca 95 meters lengde.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 59 020,-
- Søknadssum: kr. 44 265,- (75%)

Høyanger kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Vadheim sentrum; Belysning, gatemøbelering, fortau, opparbeiding P-plassar, opparbeiding vegtrase, skilt, m.m. Riksveg og kommunal veg.

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

Vadheim er knutepunkt mellom E39 og fylkesveg 55, noko som gir store trafikkmengder gjennom sentrum (ÅDT 1250 på Fv.55). Spesielt på fv.55 held køyretøy høg fart. Dette, saman med smale fortau, dårleg skilje mellom mjuke og harde trafikantar, dårleg belysning, samt eit generelt utydeleg trafikkmonster og uoversiktlege avkjørsler gjer sentrumsområde i Vadheim til ein utrygg og lite attraktiv stad å opphalde seg.

Trafikktryggingstiltak i Vadheim har også vore tema på trafikktryggingssmøte med Statens vegvesen.

Framlegg til tiltak:

Tiltak nedanfor inngår som ein del av eit større prosjekt som omhandlar fornying og oppgradering av Vadheim sentrum (sjå vedlegg – forprosjekt «Stadutvikling Vadheim sentrum» utarbeidd av Nordplan).

1. Miljøgate langs fv. 55

- Senke fartsgrensa
- Belyse vegbana
- Heve og «møblere» eksisterande fortauet (sikringstiltak), samt forlenge fortauet forbi bedehushagen.
- Organisere trafikkavviklinga slik at ein betrar oversikten for mjuke og harde trafikantar

2. St. Helenas plass

- Organisere og opparbeide området med definerte areal for gåande, køyrande, parkering og grønne område.
- Belysning

3. Bedehuset

- Opparbeiding av fortau
- Opparbeiding av parkeringsplassar
- Opparbeiding av vegstrase
- Flytting av skilt

Høyanger kommune har satt av 2 mill. til fornying og oppgradering av Vadheim sentrum i 2018, i framlegg til budsjett som skal handsamast i kommunestyret desember 2017.

Budsjettvedtak kan ettersendast ved behov.

Blir det gitt tilsegn om ein lågare sum enn søkt om vil prosjektet bli justert og gjennomført med tilgjengelege midlar.

Jølster kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Tilkomst og trafikkavvikling Vassenden skule – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Det er trafikale utfordringar knytt til skulebuss og anna trafikk i og ved skuleområdet. Dette gjev ei særskilt utfordring for dei mjuke trafikantane. Jølster kommune har i 2015 ordna med gangveg opp til skulen, men trafikkavvikling i skuleområdet er fortsatt ei stor utfordring.

Framlegg til tiltak:

- Ombygging av hente- og bringeløkke og utviding av av- og påstigningslomme langs tilkomstvegen Gjesdalen. Tiltak er omtala i kapitel 7 av kommunedelplan for trafikktrygging. Det er budsjettert med kr. 3.000.000,-.

Kostnader/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 3 000 000,-
- Søknadssum: kr. 2 250 000,- (75 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Tilkomst og trafikkavvikling Skei skule – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Det er trafikale utfordringar knytt til skulebuss og anna trafikk i og ved skuleområdet. Dette gjev ei særskilt utfordring for dei mjuke trafikantane. Jølster kommune har jobba med planlegging av tiltak for å få tilfredsstillende tilkomst og trafikkavvikling i og ved skuleområdet og har planlagt gjennomføring av tiltak i 2018

Framlegg til tiltak:

- Flytta hente- og bringeløkke til kommunal veg i sør, slik at born kan nytte gangbrua morgon og ettermiddag. I tillegg skal det gjerast tiltak for å hindre at born ta snarveier til bussholdeplassen (fortau, gjerde, markering) og dermed unngå farlege situasjonar mellom born og skulebussar. Tiltaka er beskrevet i kapitel 7 av kommunedelplanen for trafikktrygging. Det vart budsjettert med kr. 500.000,-.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 500 000,-
- Søknadssum: kr. 375 000,- (75 %)

Luster kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Overbygde sykkelskur ved Gaupne skule – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- I dag er dette området sykkelparkering for elevane som syklar til Gaupne skule. På det meste kan det vere 70 – 80 syklar som ligg slengt rundt på området.

Framlegg til tiltak:

- Luster kommune ønskjer å sette opp overbygde sykkelskur for å rydde opp i forholda. Tre sykkelskur vil gje plass til 60 syklar.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 450 000,-
- Søknadssum: kr. 270 000,- (60 %)

Lærdal kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Fartsdempende tiltak Hanseskogen bustadfelt – kommunal veg Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- I Hanseskogen bustadfelt bur det mange born og unge, og det er mykje gjennomgangstrafikk av mjuke trafikantar – skuleveg for alle i Ofta bustadfelt osv. I bustadfeltet er det fire kommunale vegar, som fører ut av bustadfeltet. Alle desse vegane vert nytta av mjuke trafikantar. Vegane her er breie, og rette, noko som fører til at køyrefarten ofte blir høgare enn 30 km timen.

Framlegg til tiltak:

- Det vil vera eit effektivt og føremålsteneleg tiltak å plassera 2 fartsdemparar i kvar gate, for å få ned køyrefarten i gatene. Kvar gate fører og ut i ei større samlegate med høgare fart. Ein av fartsdemparane i kvar gate bør plasserast i nærleiken av utkøyring i samlegate, slik at farten går ned i krysset. Lærdal kommune søkjer difor om støtte til å plassera til saman 8 fartsdemparar i Hanseskogen bustadfelt.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 160 000,-
- Søknadssum: kr. 150 000,- (93 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Fartsdempende tiltak Saltkjelen bustadfelt – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Saltkjelen bustadfelt på Ljøsne er eit attraktivt bustadfelt for born og unge. Heile bustadfeltet har ein felles tilkomstveg/samleveg, med forgreiningar ut i mindre felt. Denne samlevegen har 30 sone, men vegen er brei, så køyrefarten er ofte høgare enn 30 km/t. Samlevegen er også skulevegen til borna i Saltkjelen, då dei må gå denne for å komme til Ljøsne skule (der dei tek buss til/frå Lærdalsøyri skule). Vegen har ikkje fortau, og ingen fartsdemparar i dag.

Framlegg til tiltak:

- Det vil vera eit effektivt og føremålsteneleg tiltak å plassera 3 fartsdemparar i samlevegen, for å få ned køyrefarten i gata. To av fartsdemparane bør plasserast i nærleiken av krysset i Saltkjelen, og den siste lenger ned i bustadfeltet (sjå kartutsnitt). Lærdal kommune søkjer difor om støtte til å plassera til saman 3 fartsdemparar i Saltkjelen bustadfelt.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 60 000,-
- Søknadssum: kr. 56 250,- (94 %)

Selje kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Gang-/sykkelveg/fortau langs fylkesveg 618

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Stor trafikk av gåande og syklande innover mot hammersvik/hamre skjer i dag på fylkesvegen (618), og skapar ein del trafikkfarlege situasjonar. Denne strekninga av fv. 618 er hovudvegen inn til Selje sentrum frå sør og aust, og har til tider stor trafikk.

Framlegg til tiltak:

- Planen er å anlegge gang-/sykkelveg /fortau langs den aktruelle strekninga, noko som vil få dei mjuke trafikantane bort frå fylkesvegen.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 800 000,-
- Søknadssum: kr. 600 000,- (75%)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Gangveg mellom byggefelta Djupedalen og legane – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Gjeld to byggefelt som m ligg om lag 100 m frå kvarander. I dag må ein nytte ein smal uoversiktleg fylkesveg utan belysning, for å kome seg mellom byggefelta.

Framlegg til tiltak:

- Ved å bygge ein enkel gangveg med belysning, slepp ein å måtte bevege seg på den mørke og ofte sterkt trafikkerte fylkesvegen ved besøk i nabobyggefeltet.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 250 000,-
- Søknadssum: kr. 187 500,- (75%)

Tiltak/prioritering nr. 3: Gang- og sykkelveg langs fylkesveg 620

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Stor trafikk av gåande og syklande mellom byggefelt og skule/sentrum skjer i dag på den til tider sterkt trafikkert fylkesveg 620, og det er oppstått ein del trafikkfarlege situasjonar.

Framlegg til tiltak:

- Dette er neste etappe av ein allereie påbegynt gang- og sykkelveg langs fv. 620 på Leikanger på Stadtlandet. Etappen er om lag 300 m. Etappevis utbygging av vegen vart oppstarta ikring 2005 med oppstart ved Stadtlandet skule. Tiltaket har vore svært suksessrikt og har hatt svært god effekt i høve trafikksikkerheit. Tilsaman er det i desse åra bugd om lag 800 m gang- og sykkelveg på denne strekninga.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 950 000,-
- Søknadssum: kr. 712 500,- (75%)

Sogndal kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Fortau langs Leitevegen – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- Dei som skal til Trudvang skule og som bur i området Leitevegen, Rutlinslid og Kongavbergvegen går på strekninga Leitevegen mellom kryss Leitevegen/Rutlinslid og kryss Leitevegen/Markavegen. Vegen er forholdsvis bratt og det er stor trafikk i området. Her er ikkje fortau i dag og elevar som skal til skulen nyttar same areal som dei køyrande på denne strekninga.

Framlegg til tiltak:

- Ved bygging av fortau får vi skild dei mjuke og harde trafikantane, når desse er skild vert det ein tryggare skuleveg for elevar ved Trudvang skule. Med dagens situasjon ser vi at mange elevar ikkje nyttar fortauet nedanfor Markavegen. Årsaka til dette er nok at dei ser det som enklare å halde fram på same side av vegen i staden for å krysse over vegen i krysset. Ved å bygge fortau langs denne strekninga ser vi det som truleg at elevane vil nytte fortauet nedanfor Markavegen også. Dette vil medføre større nytte av det omsøkte tiltaket.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 1 170 000,-
- Søknadssum: kr. 877 500,-

Solund kommune

Nr.1: Tiltak/prioritering: Bygging veglysanlegg Hjørnevågane – fylkesveg og kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

- Gjeld fylkesveg 31 og kommuneveg 36 og 37. Eit område som skuleborn går til og frå bussen og som er mykje brukt til turgåing av innbyggarane. Vegen er smal, svingete og med unntak av veglys på eit par snuplasser så mangler det veglys her.

Framlegg til tiltak:

- Sette opp veglysanlegg langs deler av Fv 31, Kv 36 og kv37.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 206.100,-
- Søknadssum: kr. 154.575,- (75 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Bygging veglysanlegg Nessa – fylkesveg.

Trafikktryggleiksutfordring:

- Små skuleborn må gå langs fv.606 frå privat veg og til busstopp når dei skal på skulen. Det er ikkje veglys i området, samstundes som vegen er smal. Borna går langs vegen på same tid som ferjekøen kjem frå Krakhella.

Framlegg til tiltak:

- Sette opp veglys langs fv.606 frå privat avkøyrsløse og til busstopp

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 88 500,-
- Søknadssum: kr. 58 700,- (75 %)

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Bygging veglysanlegg Hardbakke – fylkesveg og kommunal veg.

Trafikktryggleiksutfordring:

Prosjektet er delt i tre områder på Hardbakke:

1. Kryss inn til butikken. Avstanden mellom veglys på fv 606 og kommunal veg i Storehaugen er for lang, så det blir eit svart punkt i krysset. Det er vanskeleg å sjå

folk som går her når det er mørkt. Krysset er eit viktig knutepunkt og her går det folk som skal på skule, butikk, idrettsbana, tur og dei som bur i Storehaugen.

2. Brattelia, to mørke parti og uoversiktlig kryss i byggefeltet.
3. Håneset. Mangler tre veglys langs skuleveg, det er i eit kryss ved ein leikeplass og langs skuleveg. Det eine veglyset vil og lyse opp mot gangfelt over fv 606. Gangfeltet binder saman gang og sykkelveg med fortauet som ligger på den andre sida av fv. Det er mørkt og vanskeleg å sjå personar som kjem frå byggefeltet Håneset mot fylkesvegen.

Framlegg til tiltak:

1. Sette opp eit veglys i krysset inn til butikken.
2. Veglys på dei to mørke partia og spegel krysset.
3. Sette opp veglys.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 109 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 81 750,- (75 %) |

Nr. 25 – Vågsøy kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Bygging gangveg mellom gate 1 og Vågsøy ungdomsskule – kommunal veg

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

- «Alle elever som kommer til Vågsøy ungdomsskule med buss er henvist til å gå i gate/vei til og frå skulen. Det har vært gjort forsøk med trafikkregulerende tiltak, med stenging av veien i en tidsavgrenset periode ved skulestart og slutt. Dette viste seg etter kort tid ikke å fungere. Det har vært vurdert bygging av fortau, men arealmessig er dette svært vanskelig med store inngrep i tilstøtende eiendommer og kanskje riving av hus. Slik elevene har det daglig er uholdbart og risikoen for ulukker er stor. Stadig økning i trafikken og med utbygging av nytt boligfelt i området blir situasjonen forverret ytterligere. Nye Vågsøy ungdomsskule er klar til innflytting 02.01.2018.»

Framlegg til tiltak:

- «Tiltaket går ut på å bygge en delvis skjermet gangforbindelse opp langs Gottebergelva, dette er den korteste veien og vil av den grunn være førstevalget for elevene til og fra bussterminalen og til det nye nærmiljøanlegget i tilknytning til skule. Tiltaket er med i kommuneplan for trafikksikring 2013–20120.»

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 1 800 000,-
- Søknadssum: kr. 800 000,- (44%)

Vågsøy kommune skriv følgjande om situasjon ikring det omsøkte tiltaket:

«Vågsøy kommune søkte om TIK-midler til tiltaket i 2017 og fikk tildelt kr. 720 000.- Arbeidet med ekstern prosjektering ble startet våren 2017, men prosjekterende meddelte dessverre like før ferien (juni) at han ikkje kunne videreføre prosjektet. Dermed mistet kommunen verdifull tid med at ny prosjekterende måtte på plass. Dette arbeidet kom ikkje i gang før begynnelsen av september, Ivest Consult er engasjert og er kommet godt i gang med arbeidet. Stopp i prosjektering har med dette medført at kommunen ikkje fikk brukt tildelte midler i 2017. Foreløpig tegninger legges ved søknaden. I kommunens trafikksikring plan er dette et av de punktene som er med.»